



## Sak: Endring i landposttenesta.

Frå 1.mars 2016 vart det endring i den godt fungerande landposttenesta.

Etter at Posten, for nokre år sidan, la ned postkontora i utkantane og flytta dei til sentrumsnære stader, har landposttenesta vore ei godt fungerande teneste. Men med den nye ordninga skaper det frustrasjon og vanskar for dei som bur langt frå postkontor. Må ein ha pakkar same dag som dei er komne fram til postkontoret, må ein køyre dit og hente den sjølv eller ta kontakt med kontoret og tinge utsending med landpostbodet og få pakken tidlegast to dagar seinare. Får ein melding om at pakken er på postkontoret ein torsdag , vil det ta fire dagar før pakken kjem med landpostbodet, fordi det er ikkje ombering av brev og pakkar laurdagar.

Mange eldre, som bur i utkantstrok, køyrer ikkje bil, og busstilbodet er sjeldan eller fråverande, og då vert det å lite på hjelp frå familie eller ein dyr drosjetur.

Etter vår meining er dette ei dårleg omlegging og vil be Posten gå attende til den tidlegare ordninga med utlevering av pakkar same dag sendinga kjem. Dette vil syne at Posten har omtanke for kundane og gjer sitt til at busetnaden i utkant-Noreg kan halde fram.

Ortnevik 12.03.16

Med helsing Sørsida Pensjonistlag,

Gerd Brekke,

leiar